


# KYRKJEBLAD

*For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen*



*Jol i Kviteseid*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
[www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggtveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Kyrkjeverje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



**Sokneprest**  
Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
[sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
[tru@kyrkjetrappa.no](mailto:tru@kyrkjetrappa.no)



**Organist**  
Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

## Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: Foto: Knut Ove Lofstad  
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

## Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648  
Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

# Ei historisk hending

Datoen 12. mars 2020 endra Noreg. Då tok politikarane grep mot den trugande pandemien. Bortsett frå nokre fagpersonar som hadde varsla om ein mogleg epidemi, kom koronaviruset svært overraskande på oss og verdas nasjonar. Eit lite, men svært hissig og dødeleg virus har endra kvardagen for oss og alle folk i verda.

Det har vore ei underleg tid å vere menneske i og ei annleis tid for kyrkja. Nærleik og å kunne kjenna glede over å vere mange samla er ikkje lenger eit mål, men snarare noko vi må unngå. Stikk i strid med alt vi har lært, handlar det no om å halde avstand og ikkje vere for mange på ein gong. Slik kan vi best ta vare på kvarandre før vaksinen kjem. No ligg jula framfor oss. Lukas innleier juleevangeliet slik: «*I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda.*» Den første jula var ei historisk hending like verkeleg som covid-19-pandemien.

Jesu fødsel har store og varige konsekvensar for heile verda. Ja, så store at vi i vår del av verda reknar vår tidsrekning frå Jesu fødsel. Verda blei ikkje lenger den same etter at englane sa til hyrdingane: «*I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.*» Historiske hendingar endrar vår kvardag!

Den første jula kom svært overraskande på den tidas leiarar og folk. Det var nokre profetar i Det gamle testamentet som hadde sagt at Messias skulle kome.



Men at det skulle skje på denne måten, at Gud sjølv skulle bli fødd inn i vår verd, var det ingen som hadde trudd. Likevel skjedde underet!

Jula er svaret på spørsmålet: «*Betyr vi noko for Gud?*» Sterkare kan ikkje Gud vise det enn ved å bli som ein av oss og så gje sitt liv for vår skuld. Gud vender ikkje andletet sitt bort frå oss, men kjem til oss. Han kom for å skape tru på Jesus og for å invitere oss til å følgje han.

Historiske hendingar endrar vår kvardag. Pandemiar forbind vi med sjukdom og død. Jesus kom for å gje oss liv. Det gir von, også i tunge tider.

Salmediktaren Svein Ellingsen døydde i vår, 90 år gammal. Han hadde ei eiga evne til å setje ord på vår tru og vår røyndom. I julesalmen «*Mørket omkring oss er mørket før daggry*» skriv han i det siste verset:

***Håpet får gripe det kommende daggry!  
Englenes lovsang skal sprengje vårt mørke.  
Se, her bland mennesker finnes Guds bolig!  
Ingen er lenger alene på jorden.***

Eg ønskjer alle ei god adventstid og ei velsigna jul!

***Stein Reinertsen  
Biskop i Agder og Telemark***

# **Jan Gunnar Breivik i Vrådal**

## **– I teneste for skule, bygd og ungdom**

***Det er flott å køyre frå Kviteseid til Vrådal ein vakker haustdag. Oppleve dei sterke fargane på Heia og møte utsynet mot Hægefjell og Vråvatn. Køyre vidare mot Skree og opp i tunet til Astrid og Jan Gunnar Breivik. For å samle opp tankar og erfaringar frå aktive yrkesliv i teneste for skule, bygdemiljø og ungdomsarbeid.***

Jan Gunnar Breivik vart fødd i kapteinsbygningen på Åmdals Verk 4. april 1956, som den yngste i ein syskenflokk på tre. Heimen låg i Folkestadbyen i Fyresdal, der jobba mor hans i Breivikbua. Faren var ofte borte, for han reiste som emissær for Kristne Arbeideres Forbund.



### ***Korleis var det å vekse opp i Fyresdal?***

– Det er litt underleg å tenkje på, fortel Jan Gunnar. - At det var på Verket eg vart fødd. Kapteinsbygningen der blei nytta både som pleieheim og fødestoge i den tida. Oppveksten i Folkestadbyen minnest eg med stor glede. Det var ein trygg og god plass å veksa opp på, saman med mor Gjertrud, far Olav, syster Anne Karine og storebror Knut. Sidan eg var «att-påklatt», kan eg knapt hugse at syskena budde fast heime. Derimot hugsar eg kor mykje eg gledde meg til dei skulle kome heim. Eg hadde mange å leike med. Me leika i skogen, klatra i Hamaren og slo ball i Øyskogen. Syklane tok oss med på spanande turar i terrenget, og vinterstid

*Jan Gunnar Breivik (Foto: Yngvar Sirevåg)*

rende me ofte på rattkjelkar i bakkane ned frå Sitje og Lauvdal.

### ***Andre særmerke du vil nemne?***

Jan Gunnar kjem inn på at musikkorpset blei ein triveleg møteplass og førte med seg mange fine oppdrag. For konfirmantene kjøpte han seg eigen trumpet, og i heimestova stod det piano som han hadde mykje glede av.

– Eg voks opp i ein kristen heim, held Jan Grunnar fram. - Mor kom frå Østre Halsen ved Larvik, og hadde Misjons-



Vrådal Yngres under leiing av Astrid Breivik (Foto: Jan Gunnar Breivik)

forbunds bakgrunn. Foreldra hennar var pionermisjonærar i Kina. Bestefar Christian reiste dit så tidleg som vinteren 1900; og både besteforeldra mine ligg gravlagde der. Mor Gjertrud vart fødd i Kina i 1913. Kristentrua hennar var ljós og lett med vekt på lovsong, og kunne stundom kome på kollisjonskurs med det som blei praktisert på bedehuset. Me ungane gjekk på det som var av opplegg og arrangement: sundagsskule, barnemøte og basarar.

### *Kva med utdanningsvegen din?*

- Eg visste ikkje heilt kva eg skulle slå inn på etter gymnasiet i 1977. Men i løpet av militärtenesta avklara ting seg. Det låg i meg noko om at eg ville gjerne gjere ein forskjell for nokon. Kanskje kunne eg få dette til med å bli lærar. Ved oppstart på lærarskulen i Halden ønskte rektor oss velkomne fyrste dagen med å seie: «Der som du ikkje er 100% sikker på at det er

dette du skal bli, finn på noko anna. Vi utdannar for tida langt fleire lærarar enn det er jobb til.» Eg var så pass trygg på at det var dette eg ville, at eg blei verande, seier Jan Gunnar Breivik.

- Ute i praksis møtte eg mange dyktige pedagogar. Eg fekk augo opp for kor stort sprik det kan vere i ei normal skuleklasse. Men ein skal vere ein like god lærar for dei som slit, som for dei skuleflinke. Eg er glad for at eg blei lærar. Alle stadar der eg har jobba, har eg møtt fantastiske kollegaer, som eg har lært mykje av. Har opplevt at om skulen har få eller mange elevar, så er det utruleg kor mykje ein kan få til med samarbeid. I Skiptvet fekk eg jobbe saman med ein erfaren lærar, og ho var nysgjerrig på nye måtar å jobbe på. Kanskje det viktigaste som ho lærte meg, var: kor viktig det er at kvar elev blir sett - og opplever at læraren likar vedkomande.

## *Merka du forskjellar i gymnas og grunnskule?*

- Då eg sa ja til å jobbe på Kvitsund i 1986, var det nok dette ‘opplevelingsprinsippet’ som eg tok med meg. Mi erfaring frå eige internatliv var også viktig. Kunne eg vere med å utgjere ein forskjell for nokon, så var målet nådd. Det var spanande og utfordrande å jobbe i gymnaset på Kvitsund. Som kollegaer var me forskjellige både i alder og veremåte, men saman fekk me til utruleg mykje bra gjennom åra, synest eg. Ein fekk vener for livet både blant personalet og elevane. Mange av dei kristne elevane som kom til Kvitsund, hadde opplevd å vere ‘åleine kristen’ på heimstaden. No var dei plutselig ein av mange. Stort var det difor å vere med på å hjelpe ungdom til å ta eit standpunkt: Eg vil vere ein kristen.

- Då me hadde bygt hus på Skree, og eg starta ved ny skule på Åmdals Verk i 1996, begynte ein ny yrkesperiode. Eg møtte der ein rektor full av idear og pågangsmot. Me var eit lite, men tett samansveisa kollegium, som hadde mottoet «Klart me kan». Dette var mitt fyrste møte med eit oppvekstsenter. Me leita stadig etter ting me kunne gjere saman, opne skott der det var naturleg og mogeleg: Fellesmåltid der me møttest alle til mat, song og innslag av forskjellig slag. Me laga bygdekeldar der me inviterte alle som kunne krype og gå. Elevar fekk prøve seg som assistenter i barnehagen. Me tok utdanning i entreprenørskap, og fekk i stand ei avtale med Vest-Telemark Museum; der fekk elevane drive gruvekafeen og guide litt i gruva på Verket. Fine år heilt til eg pensjonerte

meg i 2020, fortel Jan Gunnar Breivik, som nemner han også fekk to lærerike år ved Vest-Telemark PPT (2009-11).

## *Korleis kom du inn i aktiviteten for bygdemiljø og yngresarbeid?*

- Når ein dreg til ein liten stad i Vrådal og har med fire barn på flyttelasset (Lasse, Ida, Kristian, Jakob), så blir ein trekt med i lokalmiljøet. Skal noko skje, må ein trø til som bygdemenneske. Det gjeld 17. mai-feiring, dugnadsarbeid og idrettslag. Slik fekk eg spørsmål frå Terje Nekstad: «Eg har sagt ja til å vere formann idrettslaget, på vilkår av at du blir med som sekretær!» Og slik blei det i meir enn 10 år. I løpet av desse åra opplevde Terje og eg at med mange sitt samarbeid, kom mykje på plass: nytt klubhus, ballbinge, støtte til aktivitetar, og Fotballskulen - som vart vårt hjartebarn. Fantastisk med opp til 350 ungar som møttest i 5 dagar til innsats, leik og moro. Og eit strålande samarbeid med ein flott dugnadsgjeng, smiler Jan Gunnar.

- Då me flytta til nytt hus på Skree i Vrådal, fann vi plassen vår i Vrådal Yngres. Det laget hadde Håkon Birkeeland drive i over 10 år. Meir enn 40 ungar møttest på det meste, og kvar haust kom det spørsmål: Det blir vel Yngres i år og? Slik har det blitt. No er bedehuset selt, og me har fått ein grei plass på Straumsnes. Og ungane kjem. Neste gong skal det vere utlodning til misjonen, og då får me fortalt kvifor det er så viktig.

*Tekst: Olav Mosdøl*

# Kyrkjelyden har evaluert misjonsavtala

Tekst: Øyvind Jørgensen, fotokjelde: Liv Wendel

**I åra 2017-2020 har Kviteseid sokn hatt «Samfunnsutvikling i Nepal» som særskilt misjonsprosjekt. Dette prosjektet har særleg hatt som mål å betre livsvilkåra for kvinnene.**

Viktige oppgåver har vore å kjempe mot vald, som mange kvinner lid under, til dels fordi mennene brukar mykje alkohol. Ikkje minst har det vore eit viktig mål å avskaffe den s.k. chaupadiskikken, som inneber at kvinnene må leve isolert når dei har menstruasjon eller har fødd.

Liv Wendel frå Kviteseid var tilsett i prosjektet og arbeidde i Nepal ut året 2019. Då vart også dette konkrete prosjektet avslutta. Ei ekstern evaluering i Nepal konkluderte med at det var oppnådd gode resultat. Det kom ikkje minst av at det hadde vore arbeidd heilskapleg. Både kvinner, menn og born var involvert, likeså media og samfunns-



Ny prosjektleiar, Madhuri i forgrunnen.

leiarar. Slik kunne lokalsamfunnet skape endringar saman i staden for at det oppstod konflikter.

Arbeidet vert drive i Bajhang-provinsen av United Mission to Nepal og som er støtta av Normisjon. Avtala er knytt til Samarbeid Menighet og Misjon, som er eit samarbeidsorgan mellom Den norske kyrkja og sju misjonsorganisasjonar.

På grunnlag av dei gode røynslene vart det sett i gang eit tilsvarende prosjekt på ein ny stad i nærleiken, og det var naturleg at Kviteseid si misjonsavtale fylgte





med til dette prosjektet. Arbeidet der går vidare, men kyrkjelyden si avtale med Normisjon går ut no ved nyår. Då høyrer det med at kyrkjelyden evaluerer korleis avtala har fungert for kyrkjelyden sin del før avtaleperioden går ut. Dette gjorde soknerådet i møtet den 30. september.

Soknerådet vurderer det slik at kyrkjelyden har opplevd eigarskap til avtala. Liv Wendel og andre har vore med og informert om arbeidet i gudstenester. Når vi bed for henne og prosjektet i kyrkjebløna, kjem vi nær til det. Misjonsavtala gjer gudstenestelivet rikare. Konfirmantane har blitt involvert, og vi har delt informasjon i Kyrkjebladet. Gjennom denne avtala har kyrkjelyden vore med i misjonsarbeidet. Det har vore fint å høyre om ulike ting som blir gjort i misjonen, og

fint at dette prosjektet tek opp likeverd mellom menneske. Gjennom misjonsavtala ser vi at kyrkjelyden er ein del av ei verdsvid kyrkje, og vi får vere med på oppgåver som strekkjer seg vidare ut enn den staden vi bur på. Soknerådet kunne ynskle å få meir oppdatert informasjon om misjonsprosjektet til møta sine frå Normisjon. Avtala bør gjerast enda meir kjent i kyrkjelyden. Det kan skje ved fast oppdatering i Kyrkjebladet og på soknet si heimeside. Vi skulle også ha fått valt ein misjonskontakt.

På sitt møte i november, medan dette bladet var i trykken, har soknerådet vedteke kva for misjonsprosjekt kyrkjelyden skal gjere avtale om å støtte i 2021 og framover. Dette kjem Kyrkjebladet tilbake til i neste nummer.

# ALTERNATIV JOLEGÅVE

‘Gaver med mening’ seier Flyktninghjelpen

‘Julegave med mening’ skriv Leger uten Grenser

‘Gi en alternativ gave til jul’ oppfordrar Kirkens nødhjelp oss til.

Alle har sine framstøyt nå når det nærmar seg jol.

Pengane sit litt ekstra laust hos fleire av oss. Det veit dei.

Dei aller fleste av oss har det og så godt at vi har råd til det.

Og vi bryr oss så mykje at vi gjer noko med det.

*Vi vil gje deg eit lokalt alternativ:*

**Nytt tiltak no seint i haust er SPEIDAR-gruppe for 5.-10-klassingar i Kviteseid.**

17 unge kom på den fyrste samlinga i lavvoen ved Granlien, og dei var begeistra!

‘Det var den beste dagen i mitt liv’, var det ein av dei som sa.

Speidaren er eit samarbeid mellom Kviteseid Misjonskyrkje (Betel) og Kviteseid sokn / kyrkja. Speidaren er og ein del av **trusopplæringsarbeidet i kyrkja**. Vår trusopplærar Knut Ove Lofstad er ein av 6 vaksne leiarar som er med på dette.

*Vil du vera med å støtte trusopplæringsarbeidet?*

**Send kr 200,- eller valfritt beløp til bankkonto 2660.45.14648, eller til Vipps nr 3850.**  
Merk innbetalinga med ‘**JOLEGÅVE**’.


Ynskjer du skattefrådrag på denne og andre gåver til kyrkja, så skriv det i meldingsfeltet.  
(Gjeld for min. 500 kr/år). Tenk at staten takkar oss for vår støtte til frivillig arbeid!

<b>Kvittering</b>		<b>Beløp</b>	<b>Betalers kontonummer</b>
Innbetalt til konto <b>2660.45.14648</b>			
<b>Betalingsinformasjon</b>			
<b>GIRO</b>			
Underskrift ved girering			
<b>Betalt av</b>			
Betalt til			
Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid			
Kroner	Øre	Til konto	
<	>	2660.45.14648	

# BARNAS SIDE

## Finn Stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning: Claudia Chiaravalotti

## Finn 5 feil

Englar fortalte gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



**Gje barnebladet  
BARNAS til eit barn  
du er glad i!**

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.



**Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00**

## VITSAR

Ole var ikkje  
verdas smartaste pilot.

Han flaug inn mot  
Gardermoen og fekk  
melding frå kontrolltårnet:

- Meld inn høgde og posisjon!
- Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Molboland  
er det veldig  
strenge trafikklover  
når det gjeld sikker-  
heitsbeltet:

Første gong du blir tatt  
utan å ha på deg beltet,  
får du 1000 kroner i bot.

Andre gong får du  
2000 kroner i bot.

Tredje gong blir  
sikkerheitsbeltet  
inndrege.

# Omsorgen er det grunnleggjande

Tekst: Øyvind Jørgensen, foto: Bjørn Håvard Olsen

**Kyrkjebladet har teke ein førjols-prat med Bjørn Håvard Olsen (56) i Kviteseid.**

Bjørn Håvard hadde sine første åtte år på Røros. «Mor og far og vi tre borna feira jol saman. Slekta elles budde langt unna og kom gjerne i romjoli. På jolaftan gjekk vi til gudsteneste i den vakre kyrkja på Røros. Etterpå gjekk nesten heile kyrkjelyden til kyrkjegården for å tenne ljós.» I 1972 kom Bjørn Håvard til Romsås i Oslo. Så budde han og Elisabeth i Rælingen til dei kom til Kviteseid for 20 år sidan. «Vi feirar framleis ei ganske tradisjonell jol, men her er Elisabeth og eg saman med brørne hennar og familiene deira på jolekvelden, og med foreldra hennar då dei levde. På jolekvelden høyrer det også med å gå til kyrkja.»

## *Kva vil du seie at joli er for deg?*

«Det er ei tid då ein ser familien og skjønar kor verdifullt det er å ha ein familie. Når nokon har gått bort i løpet av året, kjennest det sårt i høgtidene. I joli er dei faste tradisjonane trygge og gode å ha. Men joli kan fort bli for travel. Vi må ikkje gløyme å sjå kvarandre og lytte til kvarandre.»

## *Kva har det å seie for jolefeiringa at du jobbar i politiet?*

«Når ein har vakt på høgtidsdagar, grip det naturlegvis inn i joletradisjonane i familien. Men alle som jobbar i politiet, ambulanstenesta, på KOS osv. gjer det



dei kan for å skape trivsel for kollegaer og andre i joli.»

## *Korleis er det å vere ute i felten når det er jol?*

«Det er eit stort spekter i livet. Ikkje alle har det bra, heller ikkje når det er jol. Vi i politiet skal vere til stades for folk som treng oss. Same kor ille saker vi kjem opp i, er det nokon som er glade for at vi kjem og tek ansvar for det dei ikkje hanskast med. Det kan t.d. gje dei tryggleik i joli.»

## *Har du eit ynskje for folk no til jol?*

«At vi lyttar til kvarandre og ser kvarandre. Det har vi eit særleg høve til her i bygdene, der dei fleste kjenner kvarandre. Og så må vi be om hjelp når vi treng det.» Så vil naturlegvis politiet at folk skal vere varsame med alkoholen, køyre fint osb., men det viktigaste for Bjørn Håvard er ikkje formaningane. «Skal vi kome nokon stad, er omsorgen det grunnleggjande», seier han.

# Nytt frå kyrkja og soknerådet

## Gamlekyrkja er ferdig rehabiliteret

Kviteseid gamle kyrkje har dette året gjennomgått ein stor rehabilitering med delfinansiering frå Riksantikvaren. Dei har vi og vore i tett dialog med gjennom heile prosessen.

Taket på korpartiet var ganske bra. All Stein vart tatt av og nokre få lekter vart erstatta eller skøyta på. På dei største takflatene (på kyrkjesskipet) var tilstanden mykje verre. Der var dei gamle undertaka svært därlege etter år med vass-skadar, mose og barnåler. Det var store hål gjennom gamle flistak.

Takrenner har kyrkja aldri hatt før, men det fekk vi løyve av Riksantikvaren til å setje opp for å skåne dei kalka veggene. Ta deg ein tur og sjå kor fint det er blitt. Arbeidet har hatt ein kostnad på kr 1.0 mill. Kr 420.000 var løyvd over statsbudsjettet via Riksantikvaren og er no utbetala etter godkjend prosjekt og rekneskap.



## Takk for gaver

På giro i kyrkjebladet vart det i august gjeve kr 3750, i september kr 4150 og i oktober kr 6650.

Så langt i år er det kome inn kr 23.850,-. Kostnaden for dei 3 fyrtse nummera i år har

*Mykje godt handverk er lagd ned  
på våpenhuset / inngangspartiet.*



*Sørsida at taket slik det såg ut under taksteinane. Her er Kristian Sleshinger i gang som assistent.*

passert kr 50.000. Via fast gjevaruteneste og enkeltgåver til soknet sitt arbeid har det kome inn om lag kr 65.000. Det gjer oss audmjuke og svært takksame. Her er ikkje ofringar medrekna.

## God lyd i Fjågesund

Sundag 25. oktober fekk vi for fyrste gong ta i bruk det nye lydanlegget i Fjågesund kyrkje. Etter hundre år utan forsterking, kunne nå alle høre det som vart sagt svært godt. Digital teleslynge sende og svært godt til dei som har nye høyreapparat. Lag, foreiningar og enkeltpersonar i grenda har gjeve over 30.000 av kostnaden på vel 55.000 kr.

## Forsikring

Alle bygningar Kviteeid sokn eig og har ansvar for, er forsikra i KNIF Trygg-het forsikring, Kristen-Norge sitt eige forsikringsselskap. Dei informerte tidlegare i år om moglegheit til å søkje om kr 50.000 for sikringstiltak i kyrkjene. Vi har dei siste åra fått installert avansert brannvarsling i 4 kyrkjer, delvis kombinert med innbrotsalarm, så vi sende ein søknad og fekk ein gåve-stønad på kr 200.000!

# Konsert

**Fredag 5. mars i Kviteseid kyrkje kl. 19.00: Opningskonsert for kunstprosjektet «Ingen kan tjore fugletrekket»**

Olav Mosdøl og Hege Bålsrød frå Horten har hatt eit inspirerande samarbeid i mange år. Dei møttest på eit salmeseminar for Kyrkjerådet på Lia gård i Østerdalene. Både har hatt lærararbeid som fagområde, men òg vore mykje knytt til lyrikk og musikk. I 2011 gav dei ut cd-albumet «Det syng», og i 2013 fekk dei morgonsalmen «I aust renn dagen» med i Norsk salmebok. Lenge har dei tenkt på ein oppfølgjar av «Det syng», og har tala saman om temaet «livsens berg og dalbanar».



I samarbeid med selskapet «Gode Bøker» i Drammen har dei no forma ut kunstprosjektet «Ingen kan tjore fugletrekket»: ein CD og bok med tekstene. Olav har skrive og Hege laga melodiane. Liv Andrea Mosdøl har gjennom-illustrert boka, og Jon Kirkebø Rosslund er produsent for cd-en. Dei fire har med seg tre musikantar til konserten i Kviteseid kyrkje. På grunn av korona-situasjonen vil det vere aktuelt med påmelding.

## Jolegudstenestene

I år må vi førebu kyrkjegongen på andre måtar for å halde smittevernreglar og gje trygge rammer samstundes som vi ynskjer å gje alle det beste gudstenestetilbodet etter forholda. Mellom anna må alle registrerast ved inngangen og få tilviste plassar i alle kyrkjene. Det vil vere til hjelp om folk kjem i god tid og finn plassane sine.

Medan vi skriv dette, er det berre lov å ha 50 personar på gudsteneste hos oss. Vi vonar at dette vil endre seg før jol. Uansett: Vil du sikre deg plass, kan du melde deg på så lenge det er ledige plassar innan 23. desember. Påmeldingar via nettsida [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no) eller til mobil: 970 47 860 - Skriv namn på kvar einskild

og eitt felles telefonnummer for dei som hører til same kohort (kan sitje samla i benkene).

### **Joleftan:**

**Brunkeberg:** som vanleg kl. 15.00.

**Fjågesund:** som vanleg kl. 12.45.

**Kviteseid:** familiegudsteneste kl. 13.30, gudsteneste nr. 2 kl. 16.15.

**Vrådal:** gudsteneste i konferansesalen på Straand hotell kl. 14.30.

### **Joledag:**

**Kviteseid kyrkje** kl. 11.

Høgtidsgudsteneste

**Vrådal:** Høgtidsgudsteneste i konferansesalen på Straand hotell kl. 13.30.

# Jolekonsertane

I år kan me ikkje fylgje tradisjonane når det gjelder jolekonsertar i bygda. Vrådal kyrkje blir for trong, og heller ikkje Kviteseid kyrkje er stor nok til å romme den tradisjonelle jolekonserten som har vore der. Når det er sagt, er det med stor glede me inviterer til konsertprogrammet me har fått til i Kviteseid kyrkje med koronatilpassing. Her er det mykje å glede seg til! Først ute er hornmusikken 2. helga i advent, med ein «syng med oss»-konsert med kjende og kjære julesongar 4. desember. Helga etter, 13. desember kl 17, blir det ein musikal-konsert med Ågapet, barnekora og skodespelarar. Her får me presentert joleevangeliet av og med born og voksne! Det blir høve til å syngje med på denne konserten og. Kyrkja rommar ikkje så mange som til vanleg, men det blir eit påmeldings-system slik at ein kan sikre seg ein god plass. Sjå nettsida: kviteseid.sokn.no

## Til slutt kjem rosina i pølsa: Konsert med Ingri Elise med vener fredag 18. desember:

Angelika Karsrud på bratsj og Ingri Elise Engeland på fløyte. Denne gangen har dei med seg telemarkingane: Astrid Holtskog (forteljar), Henrik Ødegard (komponist og orgel) og Gudrun Klakegg (klaver)

Om årets konsert skriv Ingri Elise mellom anna:  
«....I år er det englane som står i fokus. Englar kan symbolisere bodberar om

håp, og vi førestill oss at dei gir oss vern mot alt vondt. Vi vil gjerne aktualisere temaet inn mot vår kvardag og dei felles problema og ljospunkt(!) vi står i.

Vi kan by på verk alt frå kjende julesongar og svisker til Mozart, Bach, Ibert og Genzmer. Sidan vi har med oss organist og komponist, Henrik Ødegaard, gler vi oss til å formidle nokon av verka hans også. Vi er også glade for å få dele fleire julesongar som er arrangert spesielt til vår besetning og denne anledning av komponistane Henrik Ødegaard og Rune Klakegg. Musikken er med på å beskrive og utdjupe bodskapen i dikta og tekstane Astrid Holtskog har plukka ut til denne konserten. Vi har vald tittelen **Englenes jul** og vi vil gjennom konserten utdjupe temaet i ord og toner.

Alle jolekonsertane blir med etterhald om naudsynte tillatingar strøyma på youtube-kanalen «KviteseidKanalen», slik at dei som ikkje kjem seg i kyrkja kan fylge konsertane heimanfrå.

Billettar til denne konserten kan bestillast på førehand her:

Billetto.no eller ved inngangen:  
kr. 250, barn gratis...»



# OPPSLAGSTAVLA

## Nytt om «tilhørige»:

Frå 1. januar 2021 erstattar den nye trussamfunnsloven den gjeldande kyrkje-lova. Då vil ikkje lenger barn av medlemmer i Den norske kyrkje som ikkje sjølv er døypte, følgje ordninga for «tilhørige». 10. november fekk foreldre/føresette til dei som dette gjeld, og som har barn under 15 år, brev med informasjon om dette i digital postkasse eller som vanleg brev.

Dei som ynskjer at barna deira framleis skal få informasjon om trusopplærings-tiltak som kyrkja inviterer til, kan melde frå om dette. Barna vert då ikkje rekna som «tilhørige», men informasjonen står i namnet til den føresette.

Dei som har vært «Tilhørige» i aldersgruppa mellom 15 og 18 år vert sletta frå kyrkja sine lister. Dei er sjølv myndige til å melde seg inn og ut av trussamfunn.

## Ønsker du skyss til gudstjeneste?

Ring Kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf 35 06 81 31 eller Kristi Skjæveland tlf. 412 64 364.

## Føremiddagstreff:

- 9. desember kl. 11** i Kviteseid kyrkje  
- adventskonsert for eldre
- 27. januar kl. 11** på Misjonshuset
- 24. februar kl. 11** på Misjonshuset
- 24. mars kl. 11** på Misjonshuset

## Jolekonsertar: (hugs påmelding)

**Fredag 4. desember** – «Syng med oss»-konsert med hornmusikken kl. 18 i Kviteseid kyrkje

**Sundag 13. desember** – musikalkonsert med barnekora, Ågapet og skodespelarar kl. 17 i Kviteseid kyrkje

**Fredag 18. desember** - Konsert med Ingri Elise Engeland, Astrid Holtskog, Henrik Ødegaard, Angelika Karsrud og Gudrun Klakegg – tema «Engel» kl. 20 i Kviteseid kyrkje.

## Andre arrangement:

Felles familiemøte som vi til vanleg har i januar, går ut dette året pga smittevern-situasjonen.

**Fredag 5. mars** - Opningskonsert for kunstprosjektet «Ingen kan tjore fugle-trekket» med Olav Mosdøl og Hege Bålsrød med fleire musikarar kl. 19 i Kviteseid kyrkje.

**Fellesmøter: 12.-14. mars** med Egil Svartdal, nærmare omtale kjem i avis og på plakat.

## Misionshuset i Kviteseid:

### Januar:

- 12. januar kl 19** - tysdagsmøte
- 17. januar kl 11** - 0-100-samling
- 19. januar kl 19** - tysdagsmøte
- 26. januar kl 19** - tysdagsmøte
- 31. januar kl 11** - 0-100-samling

### Februar:

- 2. februar kl 19** - tysdagsmøte
- 9. februar kl 19** - tysdagsmøte
- 14. februar kl 11** - 0-100-samling
- 16. februar kl 19** - tysdagsmøte
- 23. februar kl 19** - tysdagsmøte
- 28. februar kl 11** - 0-100-samling

### Mars:

- 2. mars kl 19** - tysdagsmøte
- 9. mars kl 19** - tysdagsmøte
- 23. mars kl 19** - tysdagsmøte

# Døypte

Kviteseid: Signe Marie Gauksrud Riis

Vrådal: Karl Lassemo Nødland

**RETURADRESSE:** KYRKJEKONTORET - KVITESEIDGATA 13, 3850 KVITESEID

# Gudstjenesteliste: *med etterhald om endringar*

Sjå annonse i VTB, på  
facebook og kalender på vår  
nettside: kviteseid.sokn.no for  
eventuelle endringar.

## DESEMBER

(forts. frå førre nummer)

### **Sun 20. 4. sundag i advent**

Luk 1,46-55  
Kilen kapell kl. 16.  
Møyfrid Lunde.  
Ofr. Kyrjelydsarbeidet

### **24. Joleftan (merk påmelding)**

Luk 2,1-20  
**Fjågesund kyrkje** kl. 12.45  
Møyfrid Lunde  
**Kviteseid kyrkje** kl. 13.30  
familiegudsteneste  
Asgeir Sele  
**Vrådal: Straand hotell**  
konferansesal kl. 14.30  
Møyfrid Lunde  
**Brunkeberg kyrkje** kl. 15  
Asgeir Sele  
**Kviteseid kyrkje** kl. 16.15  
Møyfrid Lunde  
Alle: Ofr. Kirkens Nødhjelp.

### **25. Joledag (merk påmelding)**

Joh 1,1-14  
**Kviteseid kyrkje** kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **Vrådal: Straand hotell**

konferansesal kl. 13.30  
Møyfrid Lunde  
Båe: Ofr. Det norske  
misjonsselskap (NMS)

## **31. Nyårseftan**

Luk 13,6-9  
Kviteseid kyrkje kl. 23.15  
Møyfrid Lunde

## **JANUAR**

**Sun 3. Kristi  
openberringsdag**  
Luk 2,40-52  
Brunkeberg kyrkje kl. 11.  
Møyfrid Lunde

## **Sun. 10. 2. sundag i openberringstida**

Mark 1,3-11,  
familiegudsteneste  
Kviteseid kyrkje kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **Sun. 17. 3. sundag i openberringstida**

Joh 4,4-26  
Vrådal kyrkje kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **Sun. 24. Inga gudsteneste**

**Sun. 31. Såmannssundag**  
Mark 4,26-34,  
familiegudsteneste  
Brunkeberg kyrkje kl. 11  
Tårnagentane m/Møyfrid  
Lunde

## **FEBRUAR**

**Sun 7. Kristi  
forklæringsdag**  
Mark 9,2-13, familie-  
gudsteneste. Kviteseid kyrkje  
kl. 11. Møyfrid Lunde

## **Sun 14. Fastelavnsdag**

Joh 12,20-33  
Vrådal kyrkje kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **Sun 21. Inga gudsteneste**

Sun 28. 2. sundag i fastetida  
Luk 7,36-50  
Brunkeberg kyrkje kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **MARS**

**Sun 7. 3. sundag i fastetida**  
Mark 9,17-29  
familiegudsteneste  
Kviteseid kyrkje kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **Sun 14. 4. sundag i fastetida**

Joh 3,11-16,  
familiegudsteneste  
Vrådal kyrkje kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **Sun 21. Maria bodskapsdag**

Luk 1,46-55  
Kviteseid kyrkje kl. 11  
Møyfrid Lunde

## **Sun 28. Palmesundag inga gudsteneste**